

SKORÆ

Turtype: Fottur

Sesong: Barmark

Lengde: 10 km tur/retur

Høgdeskilnad: 370 m

Parkering: Ved Ljosland skisenter



På denne turen kjem du inn i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde som blei oppretta for å ta vare på eit særprega landskap og Europas sørligaste villreinstamme. For at andre skal kunne oppleve dette også i framtida, er det viktig å vise omsyn til både dyreliv og landskap. Respekter bandtvang, ta me deg søppel heim att og følg merka sti der det er mogleg.

Om du skulle vere så heldig å sjå villrein er det viktig å ikkje gå nærare – dei vert lett skremde. Gjer deg så liten som mogleg, unngå å lage høge lydar eller å stå i silhuett. Dersom du må gå vidare – gå rundt dyra i skjul og unngå at vinden tek med seg lukt frå deg mot dyra.



SKORÆ

Skoræ er med sine 1041 moh Noregs sørlegaste fjell over 1000 meter. Løypa ligg i flotte Ljoslandsheia og er middels krevjande. Passar for folk mellom 6-70 år.

Ein startar ved Ljosland skisenter (671 moh). Her kan ein også parkere bilen. Starten på løypa er stort sett på grusveg, etter kvart går den over i sti. Sjølv om det har vore mykje regn, er dette ei løype som er fin å gå. Etter eit flatt parti langs Fårestølia er det jamn stigning oppover resten av turen. I enden av Fårestølia finn du ei flott dagsturhytte som er fin til ein rast undervegs. Nokre partier er myrlendte. Frå Skorsteian og opp til toppen er berre delar av stien merka, men det lett å sjå kor ein skal gå. Denne turen går stort sett i terreng over skoggrensa og kan by på flott utsikt - undervegs og på toppen!

Ta alltid med kompass og skikkelig kart på tur! Me anbefaler Turkart Åseral (FLiR) eller N50 serien (kartverket). Sistnemnde kan også hentast gratis på nett – sjå norgeskart.no.